

Tabell B-fk

Overgangsordninga

Overgangsordninga sikrar at fordelingsverknadene av endringane i inntektssystemet i 2024 blir fasa gradvis inn over ein periode på fire år. Overgangsordninga tek utgangspunkt i dei samla fordelingsverknadene av det nye inntektssystemet, inkludert den nye fordelinga av kompensasjonen for endringar i inntektssystemet.

Ordninga er innretta slik at fylkeskommunar som får ein reduksjon i rammetilskotet som følgje av endringane i inntektssystemet, får att 3/4 av reduksjonen gjennom overgangsordninga i 2024. Ordninga blir finansiert gjennom eit tilsvarende trekk for fylkeskommunane som får auka rammetilskot som følgje av det nye systemet.

Kolonne 1 – Fordelingsverknader av nytt inntektssystem (1000 kr)

Kolonne 1 viser fordelingsverknadene av endringane i inntektssystemet som trer i kraft i 2024. Fordelingsverknadene inkluderer fleire endringar:

- Effekten i utgiftsutjamninga av ny kostnadsnøkkel med oppdaterte vektorer og kriterium, inkludert effekten av ny kostnadsnøkkel for korreksjonsordninga for elevar i statlege og private skolar.
- Effekten av ny utrekning av dei to kriteria vedlikehaldsbehov fylkesveg og normerte ferjekostnader.
- Effekten av å bruke konserntal i staden for kassetal til berekning av det samla utgiftsbehovet som blir fordelt om etter kostnadsnøkkelen.
- Omfordeling av fire saker som tidlegare blei gjeve med ei særskild fordeling, til fordeling etter ordinære kriterium (forvaltning av tilskot på landbruksområdet, Jobbsjansen del B, tilskot til gratis ferjer, kompensasjon for endringar i inntektssystemet 2020).
- Endring i satsane for Nord-Noreg-tilskotet.
- Effekten av å innlemme basisramma i skjønnstilskotet i innbyggjartilskotet.

Kolonne 2 – Fordelingsverknader av nytt inntektssystem (kr per innbyggjar)

Kolonne 2 viser fordelingsverknadene frå kolonne 1 i kroner per innbyggjar.

Kolonne 3 –Kompensasjon for endringar i inntektssystemet 2024 (1000 kr)

Kolonne 3 viser fordelinga av den nye kompensasjonsordninga for endringane i inntektssystemet som trer i kraft frå 2024. Fylkeskommunar som får ein reduksjon i rammetilskotet på meir enn 100 kroner per innbyggjar som følgje av dei samla systemendringane, får kompensert 50 prosent av reduksjonen ut over ein nedgang på 100 kroner per innbyggjar (jf. kolonne 2). Kompensasjonen blir finansiert med ei likt beløp per innbyggjar av fylkeskommunar som får ein auke på over 10 mill. kroner som

følgje av dei samla systemendringane (jf. kolonne 1). Kompensasjonen er gjeve med ei særskild fordeling innanfor innbyggjartilskotet, jf. kolonne 9 i tabell C-fk.

Kolonne 4 – Kompensasjon for endringar i inntektssystemet 2024 (kr per innbyggjar)

Kolonne 4 viser kompensasjonsordninga i kolonne 3 i kroner per innbyggjar.

Kolonne 5 – Samla fordelingsverknader inkl. kompensasjon (1000 kr)

Kolonne 5 viser dei samla fordelingsverknadene av endringane i inntektssystemet, inkludert den nye kompensasjonsordninga. Kolonnen er berekna som summen av kolonnane 1 og 3.

Kolonne 6 – Samla fordelingsverknader inkl. kompensasjon (kr per innbyggjar)

Kolonne 6 viser dei samla fordelingsverknadene frå kolonne 5 i kroner per innbyggjar.

Kolonne 7 – Overgangsordning i 2024 (1000 kr)

Kolonne 7 viser overgangsordninga for 2024. Beløpet er 3/4 av dei samla fordelingsverknadene i kol. 5, med motsett forteikn. Beløpet blir også brukt i tabell 2-fk.

Kolonne 8 – Samla fordelingsverknad første år (1000 kr)

Kolonne 8 viser dei samla fordelingsverknadene det første året med det nye inntektssystemet, inkludert kompensasjons- og overgangsordningane. Beløpet er berekna som summen av kolonnane 1, 3, og 7.

Kolonne 9 – Samla fordelingsverknad første år (kr per innbyggjar)

Kolonne 9 viser dei samla førsteårsverknadene frå kolonne 8 i kroner per innbyggjar.